


Bremanger kommune | Sveigen sentrum

Oppdragsgivar	Bremanger kommune
Oppdrag	Sveigen sentrum
Rapport type	Stadanalyse
Prosjektnr.	99043
Dato	05.04.2000



INNHALD

1. FORORD	5	7. GRØNTSTRUKTUR.....	25
2. NATURGRUNNLAG	6	7.1 FEM GRØNTOMRÅDER	27
2.1 GEOLOGI	6	8. BYGGESKIKK	29
2.2 KLIMA.....	7	8.1 NORSKE SÆRTREKK	29
2.3 LANDSKAP / TOPOGRAFI	7	8.2 FOLK OG BUSETTINGSFORM	29
2.4 VEGETASJON.....	9	8.3 HUSA I LANDBRUKET	29
3. KULTURGRUNNLAG.....	11	8.4 1920, KLASSISISME.....	30
3.1 HISTORIE	11	8.5 1930-50, FUNKTIONALISME	31
3.3 FUNKSJONELLE SAMANHENGAR	13	8.6 1960-80, MODERNISME	32
4. AREALBRUK	14	8.7 1990 , POSTMODERNISME /"NOSTALGISTIL.....	33
4.1 -1563	14	9. KULTURVERN.....	34
4.2 -1801	14	10. BYROM & BYBRUK	35
4.3 -1917	14	11. OPPSUMMERING / KONKLUSJONAR 37	
4.4 -1919	14		
4.5 -1920-30 ÅRA.....	15		
4.6 -1960 – 70 SENTRUM	15		
4.7 -1990	15		
4.8 DAGENS SITUASJON	16		
5. TRAFIKKSTRUKTUR	17		
5.1 VEGNETTET.....	17		
5.2 NY RIKSVEGTRASE.....	17		
5.3 GANGVEGAR OG FORTAU.....	19		
5.4 PARKERING	20		
6. BUSETNADSTRUKTUR.....	21		
6.1 BUSTADHUS	21		
6.2 FORRETNINGS- OG KONTORBYGG.....	21		
6.3 PRODUKSJONSBYGG	21		
6.4 INSTITUTEJONSBYGG	21		
6.5 SPESIELLE BYGNINGAR.....	23		
6.6 STRUKTURANDE ELEMENT	23		
		DEL 2 – FRAMTIDSVISJONAR.....	39
		1. INNLEIING	40
		2. FORSLAG TIL TILTAK I SVELGEN.....	42
		3. GRØNSTRUKTUR	42
		4. TRAFIKK	44
		5. AREALBRUK	46
		6. NÆRINGS OG ADMINISTRATION OMRÅDET	48
		7. OMRÅDET VED BALLBANEN	50
		8. OMRÅDET VED SMÅBÅTHAMNA	51
		9. PRIORITERINGAR	52


2.2 Klima

Svelgen ligg til dels skjerna for dei framherskande vindane frå vest og sørvest, spesielt sentrum ligg godt skjerna bak Langeneset og Nausneset. Årleg nedbørsmengde ligg på ca. 2600 mm.

Området ved Sande ligg godt til for sola på nord-sida av fjorden, og det er nok derfor ikkje tilfeldig at fyrste spor etter menneske i Svelgen er funne her i form av ei steinøks.

Bustadområda i Villabakken og ved Langeneset får derimot mindre sol enn på sydsida av fjorden.

Lokalklimaet er påverka av kald luft som sig ned frå fjellsidene natt og morgon, og oppstigande varm luft




frå dalen ettermiddag og kveld. Om

sommaren vert landet oppvarma - ein får ein varm oppstigande luftstrøm som er årsak til at kjøligare luft vert trekt inn mot land frå fjorden. Dette verkar som ein pålandsvind.

Om vinteren er fjorden varmare enn land. Temperert luft stig opp frå fjorden noko som trekk kjøligare luft frå land.

Elvane trekk generelt kald luft med seg og området ved Rise har også eit relativt konstant kaldluftstrekk ut mot fjorden.



2.3 Landskap / Topografi


Nordgulen er ein terskelfjord som går saman med dei to andre korte fjordane Midtgulen og Sørugulen. Utanfor ligg Frøysjøen. Landskapet er

dominert av dei omkringliggjande fjellparti. Fjella er ei markant og særprega ramme om Svelgen med sine spesielle trappetrinn-liknande fjellformasjonar.

Fjorden Nordgulen vert broten av fleire nes som stikk ut i vatnet. Nesa skaper ei varierende romoppdeling av fjorden. Forenkla kan ein seie at Svelgen ligg i eit landskapsrom bak Langeneset. I dette landskapsromet er det fleire mindre romdanningar, bla. ved Brevika, Sande og det markante romet som Verket og Svelgen sentrum ligg i avgrensa av Nausneset og Sandsneset. I tillegg kjem romdanninga som vert skapt av dalen ved garden Rise og det store landskapsromet med Risevatnet som midtpunkt.


Gjennom Svelgen sentrum renn Riseelva og Svelgselva. Begge elvane har vesentleg strukturerte og miljømessig verknad for Svelgen. Riseelva har sitt utløp frå Risevatnet og Svelgselva renn ned frå Svelgsvatnet.

Den romlege oppleving av å være i Svelgen er svært sterk, blant anna fordi Nordgulen er ein relativt smal fjord med bratte fjellsider, og arealet mellom fjell og fjord er lite. Det at Svelgen er lokalisert i ein fjordbotn utan bakanforliggjande dalrom forsterkar romopplevinga. Der er som nemnt eit dalrom mellom fjorden og Risevatnet, men det er relativt lite og ligg litt forskyvd i forhold til sentrum.




Teikuforklaring:

- Utsiktspunkt
- Markert fjellskrent
- Horisontlinje
- Landskapsstrom
- Retning i landskapet



Teiknforklaring:

-  **Utsiktspunkt**
-  **Markert fjellskrent**
-  **Horisonlinje**
-  **Landskapsrom**
-  **Retning i landskapet**



2.4 Vegetasjon

I gamal tid var det barskog i Svelgen. Denne vart hardt utnytta, og det vart truleg teke ut så mykje tømmer at storparten av den tilgjengelege, drivverdige skogen vart uthoggen i åra fram mot 1700-talet.

Fjellsidene er i dag dekte av blanda skog opp til ca. 400 m.o.h., og ein ser i dag ein kraftig vegetasjonstilvekst av lauvskog. Dette fordi det mange stader ikkje lenger foregår beiting og heller ikkje uttak av skog som balanserar tilveksten.

Bustadområda er generelt svært grønne, med frodige hagar og elvane er som blå-grønne landskapskiltar ned gjennom bustadområda og sentrum. I Svelgen sentrum derimot er det grønne mange stader fråverande.

I samband med vegetasjon må også nemnast dei spesielle "Bonzai" furutrea som er i området, rundt Svelgen. Tidlegare vart veksten til alminnelege furutre hemma p.g.a. flubrusstepp frå verket, eit problem som i dag er løyst.

I dag er det framleis markar rundt gardane Rise og Sande. Markane og gardstuna utgjer eit fint kulturlandskap som ein bør ta vare på.

Kulturlandskapet ved Rise _____

Bustadområda er generelt svært grønne med frodige hagar. Samtidig ligg elvane og bratte skrentar som grønne landskapskiltar ned gjennom bustadområda.




Sentrum manglar en grøntplan. Store asfaltflater dominerer sjølv om ein stor del av sentrum er blifritt.



"Bonzai" furutre, veksten er hemma p.g.a. flubrusstepp frå verket, eit problem som i dag er løyst.

Teikning som viser område med blanda skog i dag. _____.



3. KULTURGRUNNLAG

3.1 Historie

Livsgrunnlaget i bygda heilt fram til vårt århundre var husdyrhal, fiske, jakt og ikkje minst skog- og sagdrift. Dei hadde sager med vassføring heile året både på Rise og Sande.

Kva tid folk busette seg på Sande og Rise-gardane veit vi lite om. Skriftlege kjelder finn ein først i 1563.

Folketeljinga frå 1801 fortel at det då budde 36 menneske i Svelgen. Ved folketeljinga 100 år seinare er folketallet omlag det same. I den tronge fjordbotnen var det ikkje dyrkbar jord som kunne gje livsgrunnlag for fleire.

Rundt 1914 vart A/S Bremanger kraftselskap skipa. Dette var fyrste steget på veggen som skulle forandra Svelgen til ein moderne industristad.

Svelgen er no kommunesenter i Bremanger og ein liten tettstad med eit godt utbygd servicetilbod.

I dag er Svelgen typisk for det som vert kalla ein einstidig industristad, for så å seie alle arbeids-plassar er knytte til eller er avhengige av aktiviteten på Elkem. Difor er samfunnet her svært sårbart for svingingar ved denne verk-semda.

Den store utfordring for Svelgen i dag er å utvikle breidda i kommunen og få fram ei meir variert næringsliv. Dette både for å motverke

sårbarheita overfor svingingar i marknaden til Elkem og for å kunne tilby tilflyttarar og ungdom som flyttar heimatt ein breiare arbeidsmarknad med ulike jobbtypar. Det er likevel viktig å betalde fordelane ved den vesle tettstaden med det nære miljøet og gode oppvekstvilkår for barn.

Hovudtrekk i Svelgen si historie som industribygd:

1900: Utbygginga av fossekrafta i Noreg tok til rundt siste århundreskiftet. Mellom desse var Svelgenfossen som har gjeve namnet til bygda.
Ca. 40 innbyggjarar i Svelgen.

1914: A/S Bremanger kraftselskap vart skipa.

1917: Bygging av kraftverket startar opp. Det vart bestemt at krafta skulle nyttas til sinkproduksjon.
Under første verdskrig var det gode økonomiske tider.
Ca. 400 innbyggjarar.

1918: Bryggja på Riseøyra vart bygd og der vart starta opp fast rutegående båt.
Det er også det år dei første elektriske lysstrålane vart sende utover bygda. Det vart då produsert 400 HK.
Sinksmelverket skulle plasserast i Brevika - grunnarbeidet tok til dette år.

1919: Det var dårlige tider for sinkprodusentane, fyrste verdskrig tok slutt i november 1918, og trongen for metall på verdsmarknaden vart med eit minimal. Arbeidet i Brevika vart stogga, og folk måtte reise frå staden.

1920: Det vart inngått kontrakt om levering av 3.400 KW frå Svelgen til Ålfoten Inter-kommunale Kraftselskap.

1921: Kraftstasjonen vart bygd samstundes med ~~at~~ ~~byggsarbeidet~~ ved Svelgsvatnet dreiv på, og 1. oktober kom kraftstasjonen i ordinær drift.

1924: Det vart gjort fleire forsøk på sinkproduksjon, men økonomisk vanskelege tider sette for alltid ein stoppar for sinkproduksjon i Svelgen.

1926: Skipsreiar Wilhelm Jepsen, medeigar og styremedlem i A/S Bremanger Kraftselskap og direktør for Christiania Spigerverk, Gunnar Schjelderup kjøpte Rødsand Gruber, Romsdall.
Den unytta krafta skulle brukast til smelting av malmen frå Rausand.

1928: Det fyrste jernet vart tappa ved fabrikk.

1929: Manglande erfaring og kunnskap om den nye teknologien var truleg årsagen til ein slaggekspljosjon ved omnnshuset der seks menn miste livet.

1933: Det vart depresjonstid på 30-talet, og verket kom i økonomiske vanskar. Ved ei refinansiering i 1933 trekte Christiania Spigerverk seg som interessent

1941: I krigsåra var tyskarane fast stasjonerte i Svelgen.
Rujernsproduksjonen fortsette fram til og gjennom krigsåra.

1945: Maskineri og ovnsmateriell ved verket var heilt nedslitte då krigen tok slutt. Attreising, oppattnyting og bustadbygging var det som særmerkte fyrste tiåret etter krigen. Damanlegget ved Hjelmevatnet vart bygd og ein fekk dermed ei jammare drift i vassfåttige år.

1955: Christiania Spigerverk blir ny eigar av verket, og ei rivande utvikling tok til. I den neste tiårs periode, vart tre nye omnar bygd og fleire nye produkt vart utvikla. Kraftutbyggingane har ein kontinuerleg vekst i denne perioden. Ca. 600 innbyggjarar.

1960: Veksperiode frå 1960 til 1980 og tettstaden veks fram. Samfunnshuset, fotballbane, rådhus, hotell, skular, butikkutviding og mange bustadar vart bygd. Davik sørside innlemma i Bremanger kommune og Svelgen blir nytt kommunesenter.

1972: Christiania Spigerverk og Elkem-konsernet fusjonerte. Det er ca. 520 tilsette på verket, pluss ca. 100 mann som arbeidar for dei ulike entreprenørane. Fem menneskeliv og fleire arbeidarar vart hardt skadde ved ein støvexplosjon på verket.

1982: Rujernproduksjonen vart nedlagd. Det var blitt for dyrt å ta ut malmen frå Rødsand gruver. Nedleggjinga førte til tap av mange arbeidsplassar. Ca. 1700 innbyggjarar.

1990: Frå 1990 er der ein mindre oppsving i byggeaktiviteten. Klausen industri, Rise næringsbygg, idrettshall og fleire nye einebustadar vart oppført.

2000 "Vendepunktet", utviklinga skal no snuast i rett retning


- Nye verksemder
- Sentrunsløft
- Nye aktivitetar i sentrum
- Fortetting av sentrum
- Oppretthalding av servicentivået

Ca. 1325 innb. og omlag 300 tilsette på verket.



Markering av sentrale vendepunkt i verket og Svelgen sin historie.


Bilera viser dei markante spranget det er mellom gardsdrift og industriproduksjon



3.3 Funksjonelle samanhengar

Samferdsle med omverda foregjeikk i eldre tid med båt, først med eigen båt, seinare også med båt i rute fart. Svelgen fekk ruteslipp i lasteruta frå Bergen mellom 1912 og 1918 og kom samstundes med i lokaruta mellom Florø og Måløy. Grunna verket var vareomsetnaden i Svelgen stor.


Då anleggsstida på verket tok til i 1917, var der knapt det ein kan kalle veg i Svelgen. Det var krav om veg på strekninga Ålfoten-Svelgen-Kjelkenes alereie i 1919, men først rundt 1960 vart vegen mellom Svelgen og Kjelkenes opna. I



Funksjonelle samanhengar 1917. Den vesentlege delen av transporten foregjeikk med eigen båt. Ein kjøpe varer enten frå batar som låg til kai ved Rise eller at ein sjålv segla til Kavvåg eller Kjelkenes.

1965 var vegen sørover til Haukåa ferdig. Med ferie over til Bjørnset vart Svelgen endeleg knytt til riksvegnettet. Hausten 1972 opna vegen Svelgen-Isane, og med ferjesamband til Stårheim, vart staden no kopia til vegenettet nordover. I 1986 vart det bygd veg på nordsida av fjorden til Dyrstad. Fergefritt samband sørover fekk bygda fyrst i 1987 då Nordalsfjordbrua vart opna for trafikk.


Ved årsskiftet til år 2002 opnar fastlands-sambandet til Bremangerlandet, og på sikt vil også sambandet Botnen-Langesi bli etablert. Dette er vegar som vil føre Bremanger kommune tettare saman og vil vere viktige i sambandet Måløy-Svelgen-Florø.



Funksjonelle samanhengar 1917: Bygging av verket er i gang, og Svelgen fekk ruteslipp i lasteruta frå Bergen og lokaruta Florø - Måløy. Biletet er av Fylkesbåten Gudvangen.

Bilen har i dag overtatt meir og meir transporten. I dag er der berre sporadisk varetransport til og frå kaia ved bussaldeplassen, og rutebåten stoppar i XXXX. Elkem er framleis avhengige av varetransport med skip, så det vil nok vere liv på kaia framfor verket i mange år framover. Nokon eigentleg hamnefront nedanfor sentrum har det aldri vore. I dag ligg denne delen av sjøfronten stille. Her ligg eit stort utviklingspotensial, både rekreativt og bygningsmessig.

Nærmaste flyplass ligg ved Florø, ca. 50 min. køyring frå Svelgen, herfrå er det daglig ruteflygingar til Bergen, Oslo og Trondheim.



Funksjonelle samanhengar 2000: Vegenettet er nesten heilt utbygd og biltrafikken har overtatt transporten. Det er ikkje båtne til Svelgen, men Elkem er framleis avhengige av skipstransport.

4. AREALBRUK

4.1 - 1563

Rundt 1563 var der ein gard på Sande og to gardar på Rise. Jorda var oppdelt i teigar, med bygningane samla i klyngjer. Såleis låg mest mogleg areal tilbake til landbruksproduksjon.

4.2 - 1801

I 1801 var antalet gardar fordobla. På Sande var det no to gardar - på Rise fire gardar.

4.3 - 1917


Rundt 1917 startar dei store endringane. Svelgen har inntil no vore isolert og bortgøymd i fjordbotnen på Nordgulen. Arealbruken har stort sett ikkje endra seg på fleire hundre år. Verket blir bygd, imbyggjartalet stig frå 40 til 400 på kort tid. Det blir sett opp provisoriske brakker til arbeidarane, og bygging av permanente bustadar kom også i gang.

Brygja på Riseøyra vert bygd og grunnarbeidet til eit sinksmelleværk i Breivika tok til. Det vart også bygd familiebustadar, brakker, lagerbygg og trekai i Breivika.

Ein kan tydeleg lese av dei sosiale lag i den fysiske strukturen: Villabakken for flunksjonæranne, Brakkhaugen og bustadane ved Breivika for arbeidarane.

4.4 1919

Der vert utarbeida ein reguleringsplan for utbygginga av Rise (Svelgen). På planen er det



teikna inn utfyllingar i sjøen - minst like store som dei som er der i dag. Det er tenkt bustadkompleks i sentrumsområdet og einebustader på områda Kvelve og Rise. Planen vart aldri vedtatt eller følgt direkte, men har truleg likevel hatt ein viss innverknad på utviklinga sjølv om mange av teikna i Svelgen sin struktur er gitt av topografien på staden.

*Forslag til regulering for Rise, år 1919.
Eksisterande bygningar er fargelagt heilt svart.
På dette tidspunktet har det også vore kai og lager for trelast utanfor Øyrafuruset, men det er ikkje innteikna.*

4.5 1920- 30 år

Det vart bygd bustadar på Villabakken, Kvelve og det føregjekk kontinuerleg mindre utfyllingar ut frå Verket og ved sentrum.

Der var gardsdrift på Rise og Sandegardane.

4.6 Sentrum 1960- 70

I 1961 vart ein stor del av sentrum og området ved småbåthamna etablert ved oppfylling.

Hagearkitektfirmaet Fosså og Skjold utarbeidde i 1960 ein grøntplan for sentrum. Planen er truleg utarbeidet pga. av etableringa av fotballbana og samfunnshuset på de nye opfyldte arealer. Gjennom 1960 og 70-åra blir heile det offentlege Svelgen vi kjenner i dag bygd.

Langeneset, Sande og Nausneset vart innlemma som bustadområde.

Gardsdrifta på Sandegardane opphøyrer og held berre fram delvis på to av Risegardane.

4.7 1990

Etter ei roleg periode mellom 1980 og 1990, kom det ein del byggeaktivitet med etableringen av nyt industri området på Hanna og oppføringa av Klausen Industrier Svelgen, Rise næringsbygg og idretts huset. Utifrå bymessig samanheng er det uheldig at ein får utprega sentrumsaktivitetar utanfor sentrum i Rise næringsbygg.

Der i perioden en forsatt utbygging av bustadområdene på Sande, Langeneset og Nausneset.




Svelgen i 1930-åra.




Svelgen 1995.



ca.1915



ca.1930



ca.1960



ca. 1990

Karta viser utviklinga i arealbruken frå før verket ca. 1915 fram til 1990.

4.8 Situasjonen i dag

I dag er Svelgen ein funksjonsoppdelt by med ei relativt klar avgrensing mellom dei ulike typar områder. Sentrum med detaljhandel og administrasjon, institusjonsområdet med skule/barnehage, og industri og bustader plassert i kvar sine område.

Umntak i dette bildet er Nausneset med både industri, butikkar, sjukeheim, kapell, aktivitetshuset/gamleskulen og bustadar samla i eit område.

Situasjonen er også den at det minker på mogelege utbyggingsområde i Svelgen.

Potensielle utbyggingsområde er:

- Jordbruksområdet ved Rise og Sande
- Småbåttammn-området i sentrum
- Området mellom fotballbanen og sjøen
- Bustadutbygging yrst på Langeneset
- Fortetting av eksisterande strukturar
- Evt. mogeleg oppfylling
- Evt. etablering av andre bedrifter på
- Elkem sitt område med tilkomst ved Sande.

5. TRAFIKKSTRUKTUR

5.1 Vegnettet

Vegnettet er dominert av riksveg 615 som både er gjennomfartsveg og fordelingsveg for all trafikk i Svelgen. Alle område i Svelgen ligg opp til riksvegen og all trafikk må ut på riksvegen for å kome frå eit område av staden til eit anna. Trafikkjeljingar på riksveg 615 viser at ein i løpet av eit døgn har følgjande gjennomsnitt:

ÅDT 1200 i sentrum.

ÅDT1000 aust for sentrum mot Isane.

ÅDT 800 Vest for sentrum,

mot Kjelkenes / Florø.

Ca. 8% er tungtrafikk.

Vegnettet i bustadområda er lågt dimensjonert. Vegane følgjer så vidt mogeleg terrengkurvene, likevel er det fleire bratte vegar. Det er mange, "cul de sac løysingar" i bustadområda, det vil seie vegar som endar blindt. Dette kjem truleg ikkje på grunn av bevisste val, men grunna terrenget. Det har likevel fordelar for nærmljøet, særleg for mindre born som får ein relativ sikker møte- og leikeplassen like utanfor døra. Eit ankepunkt er derimot at den godt tilrettelagde, grønne leike- og møteplassen i bustadområda manglar eller er forsumt.

Detailhandelen i sentrum av Svelgen ligg opp til riksvegen. Frå riksvegen går ein fordelingsveg rundt sentrum langs sjøen og elva. Ei robust trafikkbeijing, men vegen blir fleire stader til ei utflytande strukturlaus asfaltflate og er arealkrævende.



Gunnar Schjelderupsveg, både riksveg, fordelingsveg og "port" til Svelgen.


Gunnar Schjelderupsveg har stor betydning for opplevinga av Svelgen, både for dei som bur på staden og for dei som reiser gjennom. Desverre er vegen dårlig strukturert utan tydeleg overgang mellom veg, parkering og gangareal. Noko bevisst valg av beplantning langs vegen er der heller ikkje. Dette er eit generelt problem for alle vegar i sentrum.

5.2 Ny riksvegtrasé

På sikt er det meininga at riksveg 615 skal gå som tunnel gjennom Kruna og kome ut mellom idrettshallen og Risetunet. Vegen ned langs Riseelva vil bli lukka. Avkøyringa/adkomsten til Svelgen sentrum vert då eit punkt på riksvegen.

Fordelane er at ein får ein sikrare veg, og ein slepp gjennomfartstrafikken i Svelgen sentrum. Ulempe er at Svelgen vert liggande bortgøymt frå riksvegen. Utforminga av avkøyringa/adkomsten til Svelgen sentrum blir derfor svært viktig for staden sin identitet utad.

Forslag til ny riksvegtrasé





Nordgulen

Elkem

Naustneset

Sentrum

Riseelva

Hamrane

Kruna

Rise

Risevatnet

Vegstruktur


Teiknforklaring:

RIKSVEG 614

FYLKESVEG

LOKALVEG

UT- OG INNKØYRSLEI
TIL FORDELINGSVEG



5.3 Gangveggar og fortau

I forhold til lokal agenda 21, bør det leggast godt til rette for gang- og sykkeltrafikk.

I dag er der ein del fortau i Svelgen sentrum og fortau langs Gunnar Schjeldenspsveg frå brua over Riseelva og til Svelgen skule.

Men det er likevel ofte uklart kvar grensene mellom gangareal, køyrebane og parkering går. Resultatet er dårleg trafikk-tryggleik og ein utrygg situasjon for gåande.

Det er viktig å skape klare visuelle og fysiske markeringar av kvar ein kan gå, køyre og parkere.

Ein del av sentrum er halde fritt for bilar, men på plassen mellom S-marked og Samfunnshuset der det er mest liv til dagleg, er det berre fortau under baldakinen ved S-markedet. Resten av plassen er tilrettelagt for biltrafikk.

Største saknet er først og fremst mangelen på gangveggar, høve til å ferdast langs sjøfronten og langs elvane. Dette er eit tema som vert nærare omtaalt under “Kapittel 7 Grønstruktur”.



Ein av dei få plassane der det er greitt å vere fotgjengar. Bak samfunnshuset med fin planting og ei klar markering der kanstein markerar overgangen mellom gangareal og parkering veg.



Fortauet langs G. Schjeldenspsveg er svært smalt og humpete, men hyggelig og med klar markering mellom køyrande og gåande. Både trea her og bak Samfunnshuset er restar frå Fosså og Skjold sin grønplan for Svelgen sentrum i 1960.



Tilfeldig parkering utanfor oppmerka parkeringsplass. Det er uklart kva som er fortau, køyrebane og parkeringsareal.



Tilfeldig parkering utanfor oppmerka parkeringsplass, og det er uklart kvar gåande skal opphalde seg. Alt i alt eit skremmande inntrykk like framfor inngangen til Rådhuset.

“Vegg-til-vegg-parkering”: Døme på dei utflytande asfaltarreala som dominerar sentrum. Kvar dei gåande skal vere er det ikkje tatt stilling til.



5.4 Parkering

Etter ei skjønsmessig vurdering av parkeringsarealet ser det ut for å vere gode parkeringsmuligheter i Svelgen sentrum. Problemet er at mykje av parkeringa foregår på tilfeldig oppmerka eller slett ikkje oppmerka plassar. Dette gir eit rotete inntrykk, dårleg utnytting og dårleg trafikktryggleik. Parkeringsareala er generelt store, utflytande asfaltarreal utan vesentleg strukturering mellom køyreareal, parkeringsareal og gangareal. Det er stort sett ikkje tatt omsyn til at ein skal ut av bilane, og at ein for ein stor del går til fots i sentrum enten det er for å handle, møte menneske eller noko heilt anna.

Plan over parkeringsplassar i sentrum av Svelgen



6. BUSETNADSTRUKTUR

6.1 Bustadhus

Bustadhus er plassert som perler på ei snor, langs ei gate eller ein veg med tilkomst til kvar tomt direkte inn frå vegen. Som hovudregel vender hovudinngangen på huset mot vegen. Møneretninga følgjer som oftest veglina / høgdekurva.

Husvære i lavblokk, rekkehus eller tilsvarande tett/lav-bygg finst både på Nausneset, Kvelve, Brevika og Langeneset. Den forholdsvis store andelen av tett bygging på ein så liten stad, er eit uttrykk for avgrensa areal, topografien, og den skiftande arbeidsmarknad som har vore på veker. Butilbodet er difor relativt breitt i Svelgen.

Sidan ein har ei stadig aukande gruppe av eldre kan ein rekne med at ein får auka etterspurnad etter mindre bustadar av god kvalitet i og nær på sentrum.

6.2 Forretnings- og kontorbygg

Forretnings- og kontorbygga er hovudsakleg plassert i sentrum mellom fotballbana, Gunnar Schjelderupsveg og Riseelva I tillegg kjem Rise næringsbygg og kontorfasilitetane til Elkem som ligg inne på området til verket.

Det meste av sentrum er bygd ut etter 1960 på fylling i sjøen. Ein saknar difor historiske røter og struktur. Husa ligg med fassade og hovudinngang mot ulike plassdanningar utan eigentleg samanheng. Trass i dette er sentrum tett og lettåtteleg som sentrunnskjerne.

Utanom sentrum har ein Rise næringsbygg - eit relativt stort, sjølvstendig bygningsvolum. Det er

plassert midt på tomta med parkering rundt om. Rise næringsbygg er med på å spreie sentrumsfunksjonane, og dermed vert mangfaldet i sentrum redusert. Ein bør difor freiste å plassere nye forretningsbygg i sentrum.

6.3 Produksjonsbygg


Elkem er den dominerande verksemda i Svelgen, plassert ved fossen og fjorden for enkel tilgang til elkraft og skipstransport. Verksemda er utvida trinn for trinn og bygningsplasseringane kan difor verke tilfeldig.

Ut over Elkem finst det ikkje mange produksjonsbedrifter i Svelgen. I området ved Brevika








ligg eit fiskeoppdrettsanlegg og ein har Klausen industri på Nausneset.

6.4 Institusjonsbygg

Både gamle og nyare institusjonsbygg er plassert tett på eller i sentrum, noko som styrker sentrum som lokalt samlingspunkt. Fleire av dei nyare institusjonsbygga er plassert på dalflata mellom Skuleberget og Kvelve, og dei skaper nærmast ein kultur- og aktivitetsakse som går heilt frå Risevatnet med badeplass, forbi Risegardane, gravplassen, idrettshuset, skular, ballbane, aktivitetshus, rådhus og heilt ned til sjøen og nausta.



Bygningsstrukturar:

-  Linær - bustader
-  Tun - gardar og bustadar
-  klynge, (tun) - industri
-  klynge, (tun) - skule mv. og sygehjem
-  Kvadratur - Sentrum
-  Punkt - Firda-bilag og bakeriet.
-  Punkt - Kapellet, (symbol)



6.5 Spesielle bygg.

Tradisjonelt har det alltid vore spesielle bygningar i tettstadane som har skilt seg ut frå dei andre, både ved funksjon, plassering, storleik og arkitektur. Eit typisk døme er kyrkjene (kapellet), men også Samfunnshuset er karakteristisk for denne typen bygg.

I tillegg kjem hus som som er spesielle fordi dei fortel ei historie om tidlegare bruk av området: Naussta på Nausneset, Risetunet, og Direktørbusstaden, Bakketunet for funksjonærar og det raude huset i G. Schjelderupsveg for arbeidarar. Alle desse bygningane kan til tider sjå ut som dei er tilfeldig plassert. Dei innrettar seg ikkje alltid etter vegen eller øvrige bygningar. Bakgrunnen er at dei pga. sin funksjon eller historie nettopp har fått si spesielle plassering og sitt særregne uttrykk for å skilje seg ut frå dei øvrige husa. Det er viktig å ta vare på desse husa og omgivnadane deira fordi dei utgjer ein viktig del av staden sin identitet.

Døme på bygg som har innverknad på byen sin identitet:

Landbruket si historie.


1. Gardane Rise
(gardane på Sande er ikkje med)
2. Naussta på Nausneset
(dei på Sandeneset er ikkje med)

Industrihistoria.

3. Den gamle kraftstasjonen, 1921
4. Direktørbusstaden (driftsstyrarbusstad).
5. Ingeniørmessa (arkitekten sin bustad).
6. Bakketunet
7. Det raude huset i G. Schjelderupsveg for arbeidarar.

Spesiell plassering/Arkitektur

8. Bakeriet
9. Samfunnshuset
10. Firda-bilag
11. Kappellet



6.6 Strukturande element

Strukturerte element framstår som naturgjevne element som har medverka til Svelgen sin noverande fysiske struktur med plassering av vegar og bygningar.

Til dei fysiske strukturar tilhøyrrer:

1. **Fossane:** Dei har bestemt verket si plassering og verket har sidan vore eit sentralt struktur-erandende punkt. Vegnettet og bustadbygginga er laga for å betene verket. Ein kan dessutan seie at vegnettet omtrent strålar ut frå verket.


2. **Elvane:** Desse markante strukturande elementa saman med dalflata som går heilt frå Risevatnet og ut til sjøen deler Svelgen opp på tvers i fire ulike område:
A. Verket
B. Villabakken, småbåthamn, park
C. Kvelve, (Brakkhaugen), sentrum
D. Nausneset

3. **Sjølina:** Saman med det bratte terrenget har sjølina gjort plassering av hovudveg udiskutabel. Vegen fulgte opprinneleg strandlina (E), men ligg idag litt forskyvd i ein meir rasjonell trasé forbi foten av Kvelve (F).

4. **Terrenget:** Bustadområda er strukturert av dei langsgående høgdekurvene som har styrt plassering av hus og vegar.



Nordgulen



Strukturere element
 Teiknforklaring:

- 1. Fossane / verket
- 2. Elva og dalflata
 - A. Verket
 - B. Villabakken
 - C. Kvelve / (Brakkhaugen)
 - D. Nautneset
- 3. Sjølina/hovudveg (E)
- 4. Gamal vegtrasè (F)

NORDPLAN

7. GRØNTSTRUKTUR

Topografien er det framtrедande strukturerande elementet. Det er fjella og den naturlege vegetasjonen som pregar Svelgen. Dette, saman med jordbruksareal i Risedalen, skogkledd knausar som står att im mellom bebyggelsen og elveløpa, gjer at ein får eit grønt inntrykk av Svelgen.

Bustadområda som ligg omkring sentrum har stort sett god overordna grøntstruktur. Bustadane ligg oftast i rekker oppover ei skrånning. Mellom desse rekkene er det oftast svært bratte skrånningar og i desse er det stort sett behalde eit grønt belte med naturleg vegetasjon.

I sentrum derimot er grøntstrukturen dårleg. Grøntområda i sentrum er små og oppstykkja utan ein overordna samanheng. Det er få tre i sentrum og dei fleste grøntområda er prega av dårleg skjøtsel og er ofte meir triste enn innbydande.

Svelgen fekk i 1960 utarbeida ein grøntplan for sentrum utført av hagearkitektane Fosså og Skjold. Av denne planen kan ein berre sjå att nokre få element. Denne planen vart laga i samband med opparbeidinga av fotball-bana, men rundt denne ser ein ikkje att mange element frå planen. Det er planta nokre gatetre langs hovudgata. Dette elementet finn ein att i planen. Den nye treplantinga langs sjøfronten finn ein også att i grøntplanen, men utforminga er noko annleis. På planen var det planlagt ein del planting langs Riseelva. Dette ser ein att særleg på oppsida av vegen der ein har ei harmonisk og variert planting. På nedsida er det litt meir monotont med ei trerekke av bjørk.




Det er i dag dårleg kontakt mellom grøntområda og sjøfronten. Sjølv om delar av sjøfronten er opparbeida, manglar ein framleis nærkontakt med vatnet

Tydelege grøntområde i og nær sentrum:

1. Grøndruga langs Riseelva
2. Grøndruga langs Svelgelseva.
3. Fotballbana
4. Park nord for småbåthamna
5. Området sør aust for sentrum – Skuleberget
6. Grøndruga gjennom bustadområda
7. Parkområdet ved samfunns huset
8. Trerekker langs Gunnar Scheldrupsvveg

Grønstruktur



7.1 FEM GRØNTOMRÅDE eller fem utviklingsområde for grøntplanar.

SENTRALE DELAR AV SENTRUM

Grøntområdet ved samfunnshuset har ein relativ høg kvalitet. Denne kvaliteten bør vidareførast til resten av dei sentrale sentrumsområde. Bygga i sentrum dannar fleire rom, men desse roma manglar ein samanheng. Desse kan bindast saman med gode gangsamband. Ulike rom og gangareal må vere ein del av den overordna grøntstrukturen i sentrum. Dei sentrale sentrumsområda kan dermed opparbeidast som gågate. Parkeringa vert då flytta vekk frå desse områda og ein får eit bilfritt sentrum. Baldakinar er eit gjennomgåande tema i Svelgen, og kanskje bør ein gå eit steg vidare å lage delar av ei slik gågate overbygd.



Samfunnshuset



Sentrum, gågata



Riseelva

RISEELVA

Riseelva dannar eit grøntdrag vest for sentrum av Svelgen. Dette bør markerast betre og bør førast heilt ned til sjøen. På delar av strekninga kan ein gå langs med og over elva. Gangstien bør også vidareførast heilt ned til sjøfronten slik at ein kan få eit samanhengande gangnett. Grøntområda langs eit slikt gangsystem kan gjerne utvidast der dei allereie eksisterer. Der slike område manglar må ein opparbeide grøntareal slik at ein får samanhengande grøntområder som inngår i den heilheitlege grøntstrukturen.

På austsida av elva kan ein godt fylle meir og dermed gjere elveløpet smalare. Dette kan vere med på å binde dei to delane av sentrum tettare saman. Ei gangbru mellom dei to delane av sentrum kan gi ei forlenging av ei eventuell gågate.

SJØFRONTEN

Sjøfronten bør i dei mest sentrale delar av sentrum opparbeidast med ei promenade, og det kan lagast trapper ned i sjøen som gjer at ein får nærkontakt med vassflata.



Sjøfronten

FOTBALLBANA OG TILGIGANDE OMRÅDE

Området mellom fotballbana og sjøen bør utviklast som eit avsluttande punkt i aksen som går frå badeplassen ved Risevatnet, idrettshallen, skulane, fotballbana og helt til sjøen. Dette som i dag er ein utflytande grusplass har eit stort potensiale. Under denne plassen går ei leiing med varmtvatn frå Elkem. Dette vatnet kan utnyttast på fleire måtar, men eit oppvarma utandørsbasseng er ein av dei meir forlokkande ideane.



Aksen og grusplass

INNFARTSVEGANE


Innfartsvegane er førsteinntrykket ein får av ein stad og er på den måten svært viktige. Ei bevisst landskapeleg bearbeiding av innfartsvegane til Svelgen ville signalere kvalitet, og at ein har kome til eit meir bymessig område. Dermed kan ein også oppnå lågare fart. Overgangen land/by kunne markerast med ein "bypart", markert med ei markant treplanting eller liknande.



Gunnar Schjelderupsveg

8. BYGESKIKK

8.1 Norske sætrekk



Påverknad frå landskap og natur har vore sterk. Vêr, vind og terrenngform har avgjort bygningssform og plassering av huset. Illustrasjonen viser dei tre typiske busettingsmønster, rektjretunet, klyngjetunet og sjøhus med gavl vendt mot sjøen.



Treet var eit godt og lett tilgjengeleg bygge-materiale. Trehuset står sentralt i den norske byggetradisjonen. Også nye stilartar er utvikla med utgangspunkt i treet som byggematerial. Stavkyrkjene er eit godt eksempel på korleis den europeiske steinkatedralen møtte treet.



8.2 Folk og busettingsform.

Nordmenn har alltid vore fåtallige og budd spreitt i eit vidstrakt land. Avstandane gjorde dei små bondesamfunn både sjølvstendige og uavhengige. Sjølv i dansketida fekk dei danske styresmaktene aldri det fulle overblikket. Dette mønsteret påverka også den norske byggekunsten. Det vart "mange hytter, men få slott". Impulsane utanfrå vart forenkla og forminska ned til ein folkeleg målestokk.

8.3 Husa i landbruket.

Restane som er att av det eldre Svelgen, mellom anna gardstuna, naust og setrane på Rise og Sande, er prega av ein enkel byggeskikk, utvikla gjennom mange hundre år. Mange ulike stilperiodar har sett sitt preg på byggeskikken. Dei overlappar kvarandre og viser mange ulike variantar. Dette fordi huseigarar og handverkarar har fått ulik inspirasjon og erfaring på ulike tidspunkt. Påverknaden skjedde ikkje så fort før som no. Eldre bygg kviler på solid og utprøvd byggetradisjon. Ny stil vart til variantar av den gamle og velkjende medan den utvikla seg. Proporsjonar og harmoni i komposisjonen var noko ein arva saman med byggeteknikken. Vår tids byggeskikk framstår ofte som resultat av eksperimentering med utprøvede bygningsskomponentar og materiale. Saleis er eit godt resultat i større grad enn før avhengig av at byggherre og arkitekt har vore dyktige begge to.



Eldre, velproporsjonert hus frå garden på Sande.



*Bakketunet,
(funksjonær-
bustadar)*

*Det runde huset,
Famillebustad
for arbeidavar*



*Hus 8,
Direktørbustaden*



*Ingeniørmessa,
Rustad sitt eige hus*

*Arbeidarbustadar,
Brevika*



Bakkevegen 13



8.4 1920 - Nyklassisismen

Perioden rundt 1920 var prega av nyklassisismen, det vil seie at det vart bygd hus som opprinnelig hadde førebilete i det gamle Rom og Athen.

Husa var kjenneteikna av ein stram bygnads-kropp med symmetriske fasadar utan unødvendig utsmykking. Omkring inngangspartiet kunne det likevel vere søylemotiv eller andre element som framheva inngangen.

Arkitekt Leif Rustad, var i denne perioda knytta til verket og teikna ei rekke velproposjonerte hus i Svelgen. Trass i at husa har utgangspunkt i den stramme nyklassisismen og er teikna av same person så er dei svært ulike i uttrykk.

Direktørbustaden har eit svært formelt og stasleg uttrykk. Funksjonærbustadane og arkitekten sitt eige hus har ikkje så stram bygnadskropp. Husa har fått eit meir koseleg preg med kvistar og fleire takhelningar, noko som ikkje er heilt i "den nyklassisistiske ånd". Arbeidarbustadane i Brevika har på same måte som direktørbustaden ein heilt stram bustadkropp og det er spart på detaljeringa. På bustadane i Brevika er det likevel tilføya eit litt "kitschy" vindfang med boga inngang og vindauge.

Svelgen har frå denne perioden ein bygnings-skatt som ein bør ta vare på. Husa framstår som typiske for ei tidsperiode og det er tilsynelatande gjort få endringar.

8.5 Funksjonalismen 1930-50

Rundt 1930 kom funksjonalismen som den nye stilarten. Funksjonalismen hadde sitt formmessige førebilete i den kvite middelhavsarkitekturen. Det var også eit ynskje om lyse og luftige rom/bustadar med nær kontakt mellom ute og inne.

Bakgrunnen for den rasjonelle og vinkelrette funksjonalismen var høvet til å bygge hus av masseproduserte industrikomponentar og søyle-/platekonstruksjonar som frigjorde fasaden som berande konstruksjon og stilte arkitekten meir fri i utforminga.

Typiske trekk ved dei funksjonalistiske husa som vart bygd lenger sør i Europa var flate tak utan takoverheng og store vindaugsflater eller vindaugsband som synleggjorde at fasaden ikkje var den berande konstruksjonen. Husa var kvitpussa, utan sokkel, gesims eller andre arkitektoniske verkemiddel.

Funksjonalismen sitt møte med det nordiske klimaet og kulturen medførte visse endringar. Dei funksjonalistiske husa, populært kalla funkishus som vi ser i Noreg, er stort sett alle klokleg bygd med oljemala sokkel og skråtak med takoverheng. Typiske trekk er kubisk bygnadskropp, tofarga hus med horisontal deling og glasa nær og rundt hjørna.

Svelgen har fleire kubiske funkishus i Villabakken og langs G. Scheldrupveg. Dette er hus som ein bør ta vare på som ein del av ein felles bygningsarv.

Eit av dei typiske kubiske funkishusa med horisontal deling, vindauga plassert tett opp til hjørna. Fasadane er også her symmetriske. Funksjonalismen la ellers opp til ei meir fri fasadeforming, men ein hadde tydeleg vanskeleg for å vike frå den klassiske symmetrien.



Hus med lokalisering i Villabakken - bygd omkring 1930. Eigentleg eit svært tradisjonelt hus, men usedanleg velprøpsjonert og med funksjodetaljar som vindauge i hjørna.



Bakeri frå 1938. Typisk funkishus i betong som pga. av sin storleik og plassering diagonalt i forhold til sentrum er viktig for opplevinga av staden. Huset treng vedlikehald.



Typiske ferdighus frå 1970-talet. Enkle og rimeleg velproporsjonerte hus..



Hus, truleg frå omkring 1970. Eit spennande fasadeuttrykk med fleire vindaugeformar og forskvingar i fasaden.



Sjike- og aldersheim, 1979. Eit modernistisk bygg med forskvingar i fasaden for å gi bygget eit meir levande uttrykk.



Hotellet, 1968. Typisk modernistisk hus med gjen-nomgåande vindaugeband. Velproporsjonert, men eit fatig fasadeuttrykk som ikkje signaliserar at det er eit hotell. Det kunne likegodt vere kontor eller bustadar.



Svelgen skule, 1959/1975. Trist anlegg som ikkje er verdig å skulle fungere til oppdraging av barn. Først og fremst er utarealet kritikkverdige.



Kapellet, 1960



Samfunnshuset, 1961



Rådhuset, 1972

8.6 1960-1980 Modernisme

1960-70 er ei oppgangssperiode med enorm byggeaktivitet. I heile landet finn ein at det vart bygd ei rekke institusjonsbygg som skular, barnehagar, rådhus m.m. I tillegg vart det oppført mange ferdighus i denne perioden. Stilmessig er det modernisme som er dominerande, eit samleomgrep for moderne arkitektur som hadde sitt utgangspunkt i funksjonalismen.

Mykke av det som vart bygd denne tida var prega av repetisjonar av rasjonelt bygde element, utan større forsøk på å forme bygningane.

Dei mange ferdighusa som vart reiste i denne tida kan ein også seie tilhøyre modernismen - i alle høve frann til rundt 1980.

Kapellet, samfunnshuset og rådhuset. Tre atypiske bygningar frå denne periode med kvalitet og betydning for Svelgen.

Kapellet; eit lite velproporsjonert bygg som klart og enkelt signaliserar betydning og bruk.

Plasseringa øvst på skuleberget er det som gir huset ein ekstra dimensjon. Eventuell ny bebyggelse på skuleberget bør underordne seg kapellet.

Samfunnshuset; eit velproporsjonert anlegg, med eit nyklassisistisk bygningsuttrykk. Som kapellet signalerer også samfunnshuset si betydning for staden med sitt litt fornelle uttrykk og oppbygging omkring eit offentleg grøntanlegg.

Rådhuset; huset fell inn under ei kort modernistisk periode som vart kalla brutalisme. Brutalismen er kjenneteikna ved eit kanta uttrykk, kraftige relieff i fasadane og forskvingar av bygningskroppen. Rådhuset har et formelt preg som fortel om bruken og er ein verdig og sjeldan representant for brutalismen.

8.7 1990-

Postmodernisme - "Nostalgistil"

I byrjinga av 1980-åra fekk ein postmodernismen, ein moderne stil der visse "oppattidkta" klassiske motiv vart brukte på nye måtar og i utradisjonelle samanhengar.

Ein del av dei nyare einbustadane som er bygd blant anna på Langeneset og Sande ber preg av postmodernismen, men bør nok nærmarare karakteriserast som ein slags "nostalgistil". "Nostalgistil" er ikkje et etablert omgrep, men dekker over meir eller mindre vellukka kopier av hus bygde rundt siste århundreskifte - ofte med sveiserstilpreg.

Dersom ein skal sjå framover ville det nok vere på sin plass med meir kvalitet enn kvantitet i bustadbygginga både ut frå eit estetisk og miljømessig perspektiv.

Låretshus, 1993. Velproporsjonert og gjennomtenkt hus. Huset har ei imponerende funksjonell planløsning der det ikkje går ein kvadrantmeter til spille.




Rektehus på Langeneset. Husa har ei kubistisk uttrykk som er ei vidareføring av modernismen. Den flotte terrengtilpassinga tilfører dei kanta husa liv og variasjon på ein naturleg måte.



Einbustadar på Sande. Godt tilrettelagt bustadfelt som er organisert omkring felles leikeplass med god solorientering og utsikt mot fjorden. Husa tilhøyrrer nostalgistilen med små, sprossa vindauge, karrapp og kvist. Store, sikkert velfungerande hus, men med eit svært tungt bygningsuttrykk. Ein del av dette tunge uttrykket skuldast notida sin byggeteknikk og krav til isolering, men også ein generell mangel på arkitektonisk kvalitet hos ferdighus-fabrikantane.





9. KULTURVERN

Vern er mange ting. Det er dei offisielle, som t.d å verne eller frede hus, å verne landskap og dyreartar etc. Men vern i vid tyding handlar om å ta vare på smått og stort, for noida, for framtida, for ettertanke og minne- der vi hadde barndomsopplevingar, vegen til skulen, osv. Det som bør vernast kan restaurert og/eller brukast igjen på ein ny måte. I alle høve er det viktig å ta stilling til det, spørje ein gong til om det berre skal fjernast fordi det akkurat no er lett vint å gjere det, eller om ein er blitt «fattigare» når det er borte! Verneverdiar har i høg grad noko å gjere med rikdommen av opplevingar ein stad kan framvise. Slike er der mange av i Svelgen. Som gjest veit ein berre om det ein umiddelbart ser, inntil nokon pekar ut det særlege. For dei som bur på staden er der mange minne. Ein tenkjer ikkje på dei kvar dag, men den dagen noko er borte kjennest tapet.

Overordna bygningsmiljø og natur-/grøntområde som bør takast vare på:

Bygningskultur

● Gårdstun, Rise og Sande.

■ Det modernistiske bysentrum

■ Eksemplar på ulike bygningsstile, spesielt den nyklassisistiske frå 1920-ene.

● Kapellens fine placering på Skuleberget.

Natur

■ Riseelva og Svelgselva

■ Kulturlandskap ved Rise og Sande

■ Det yderste av Naus- og Sandenaset

10. BYROM & BYBRUK

Ein by må ha møtestadar for alle grupper av befolkninga. Det er umuleg å forutsete kva uterom folk vil bruke og korleis dei vil bruke dei. Det avgjerande er difor at byen kan tilby offentlege, tilgjengelege byrom med ulike kvalitetar for både formelle og uformelle møte.

Svelgen er karakteristisk med sine mange byrom med ei svært dårleg opparbeiding. Dei er alle lite innbydande, med hagen/plassen ved Samfunns- huset som eir unntak.


Ein har lukkast i å plassere skular, aktivitetshus og idrettsfasilitetar tett saman og samtidig ligg dei nær opp til sentrum. De ulike aktivitetar styrker dermed kvarandre, og ein bør kunne få til eit attraktivt og aktivt sentrum. Sentrum må opparbeidast, og ein bør halde fast på plasseringa av ballbana og prøve å styrke dette område med fleire aktivitetar. Dette kan til dømes med ein park mot sjøen med tennis, badeanlegg, båthamn, leikeplassar, betanq, osv.

Byrom / møteplassar i Svelgen sentrum :

1. Samfunns huset sin hage
2. Parkeringsplassen
3. Busstaleplassen
4. Passasjen
5. Byplassen
6. Hotellhagen
7. Bakeri

Ved opparbeiding av byroma er det viktig å bygge vidare på byroma sin identitet og halde siktelinjene mot sjøen opne. Desse er i seg sjølv ein kvalitet for staden.





Handelen i Svelgen kan trenge litt stimulans - ei sentrumsopprusting vil stimulere til auka trivsel og dermed meir handel. Ved plassering av nye butikkar vil det vere avgjerande for auka handel at desse vert plassert så nær inntil eksisterande handlemiljø som mogleg. Ved ei rasjonalisering av parkering og vegar i sentrum er det mulig å få til nytt byggeareal.

Sentrumsopprusting med fokus på velfungerande trafikkavvikling og stor merksemd på å betre tilhøve for mjuke trafikantar må til. Tiltak som kan gjere det godt å vere-, sitte- og gå i sentrum vil bety mykje for oppleving og trivsel.

Svelgen som reiselivsstad har ikkje mykje å by på i sjølve sentrum. Mange turistar køyrer forbi. Sentrumsopprustinga kunne signalisere at her var det grunn til å stoppe. Kunne ein få til skikkelege "møteplassar" i sentrum og langs sjøen, var det truleg mogleg å fange interessa for ulike sentrumsstilbod. Sentrum manglar sjøtilkomst, gjestebrygge, opparbeidde møteplassar, alternative overnattingsstilbod, evt. fleire butikkar, og presentasjon av bygda sine «herlegheter» (kulturminne, naturstiar, naturperler osv). Også innfartsvegane til Svelgen må i turismessig samanheng rustast opp. Møtet med Svelgen må signalisere kvalitet og ein by som er verdt eit stopp.

11. OPPSUMMERING KONKLUSJONAR

■ NATURGRUNNLAG

Svelgen har avgrensa arealressursar i og omkring sentrum.

Området Rise er den einaste største arealressurs som ligg tett opp til sentrum.

Svelgen har skiftende vêrforhold med mykje nedbør.

Den romlege opplevinga av å vere i Svelgen er svært sterk på grunn av den trange fjorden og det avgrensa arealet.

■ KULTURGRUNNLAG

Svelgen har på 40 år (1917-1957) utvikla seg frå ei landbruksbygd til ei industribygd.

Svelgen har to kulturhistorier, ei som landbruksbygd og ei som industribygd, det viktig å vere bevisst om og ivareta begge desse historiene i den framtidige planlegginga.

Svelgen er i dag ein eintidig industristad, og kommunen arbeide for å få eit meir varieret næringsliv. Dette kan motverke såbarheita overfor Elkem og gjere det mogeleg å tilby ein breiare arbeidsmarknad for tilflyttarar og ungdom som flyttar heimatt.

■ AREALBRUK & BUSETNADSTRUKTUR

Svelgen er strukturert parallelt med riksvegen/strandlinja og på tvers av elva og dalflata som går frå Risevatnet til sjøen. Den oppdelinga dei strukturerte element gir bør fastholdast og styrkast.

Svelgen er ein funksjonsoppdelt by med ei klar avgrensning mellom dei ulike typar område.

Parken bør flyttast over til området mellom ballbana og sjøen for å styrke kultur- og aktivitetsaksen frå badeplassen ved Risevatnet til sjøen. Dermed får ein også frigitt arealet ved småbåthanna til byggeareal.

Sentrum bør fortettet, ikkje utvidast.

■ TRAFIKKSTRUKTUR

Det er vesentleg å få organisert trafikken slik at det ikkje er tvil om kvar bilane skal vere og kvar dei mjuke trafikantane har rett til å vere. Trafikken må organiserast så den ikkje kan tolkast annleis enn den var tenkt.

Det køyrer i gjennomsnitt 1200 bilar gjennom sentrum kvart døgn, noko som må kallast lite trafikk.

Riksveg 615, (G.. Schjelderupveg), er både gjennomfartsveg, fordelingsveg og ‘port’ til Svelgen. G. Schjelderupveg har derfor stor innverknad på opplevinga av Svelgen både for dei lokale og dei som køyrer gjennom. Denne betydninga bør avspeglast i ein velstrukturert veg med fortau, parkering, beplantning m.v.

Dei utflytande asfaltereala dominerer sentrum.

Veg og parkering i sentrum, bør rasjonaliserast for å skape nye byggemuligheter i sentrum.

Den nye riksvegtraséen bør gå gjennom Kruma og kopløst til G. Schjelderupveg i ei rundkøyring.

Parkeringsareala må opparbeidast med markerte parkeringsfelt, gjerne med beplanting.

Der bør være klare grenser mellom veg, parkering og fortau.

■ GRØNTSTRUKTUR

Svelgen har ein naturleg overordna grøntstruktur i form av elvane som renn ned gjennom sentrum til sjøfronten. Dette saman med dei bratte og ubyggelige skråningane i dei eksisterande bustadområda og kulturhandskabet ved Rise utgjør grøntstrukturen.

Det er viktig å legge til rette for rekreativ bruk av dei overordne grøntstrukturane gjennom tilrettelegging av gangstier, fiskeplassar, m. m.

Ein har ikkje forstått å utnytte dei landskapelege kvalitetane som sjøfronten gir.

Grøntstrukturen glimrar med sitt fråver i dei mest sentrale delar av Svelgen. Bepantning må være ein naturleg del av eit forsjømna og triveleg bysentrum.

■ BYGGESKIKK & VERN

Husa i Svelgen er prega av skiftande internasjonale stilartar, men er tilpassa lokale forhold.

Nybygg i Sentrum bør ha eit modernistisk uttrykk som tilpassar seg eksisterande bygg.

Dei historiske bygningsmiljøa bør vernast. Gardstuna som fortel landbruket si historie, bygningar frå verket si første tid rundt 1920 er noko av det som bør vernast. Her må det spesielt nemnast ei rekke fine ryklassesistiske hus teikna av Leif Rustad og kraftstasjonen også frå 1920.

Landskapsmessig har Riseelva, Svelgselva og det yste av Sandneset og Nausneset stor naturverdi.

På same måte må kulturhandskapet på Rise betraktast som ein vesentleg naturverdi som bør haldast fri for bebyggelse, så lenge det er alternative muligheter. Området bør likevel gjerst betre tilgjengeleg for offentlegheita med stiar til og frå badeplassen ved Risevatnet.

■ BYROM & BYBRUK


Livet i byen har dårlege vilkår i dei felles offentlege byromma. Dårleg organisering av arealbruket, rot og rask og generell mangel på vedlikehald dominerer biletet.

Det kompakte sentrum i Svelgen er lett oppfatta som bysentrum og med på å samle byfunksjonane. Det bør vere mogeleg å fortette eksisterande sentrum, for på den måten å styrke sentrum som samlingspunkt.

Ei flytting av parken og etablering av småbåthamn i området mellom ballbana og sjøen vil også vere med på å styrke sentrum.

Byromma må vere et satsingsområdet. "golv og inventar" er under ein kvar kritikk. Der må opprusting til. Ei slik investering har alle andre stader hatt stor positiv innverknad på staden si utvikling. Handelen aukar, folk trivst, oppussing kjem igang, folk flyttar til, næring og kultur får betre vilkår. Opprusting er ei investering ein ikkje har råd til å unnlata. Ei felles kommunal og privat satsing etter ein overordna plan trengs.

DEL 2 - Framtidsvisjonar



NORDPLAN

1. INNLEIING

Satsingsområde

Dersom Svelgen sentrum skal vere eit velfungerande kommunesentrer, og dersom ein vil at folk skal besøke og busette seg i Svelgen, må det satsast på opprusting av byroma, eit meir variert butilbod, også sentrum-bustadar, og det må skapast plass til nye næringsbygg og lett industri. Det må etablerast ein samanhengande grøntstruktur i og omkring Svelgen sentrum.

BYROM / GRØNTSTRUKTUR

Opprusting av dei felles offentlege byromma og investering i felles omgjevnader av høg kvalitet (sjøpromenade - park- gågate - plassar) krev planlegging. Det må vere ei felles offentleg og privat vilje til å investere. I ei slik satsing burde det ikkje ligge for mange konflikter.

BUSTADAR

Eitersputnaden etter sentrumsnære bustader er stor. Sentrumbustader gir eit meir variert butilbod som er spesielt retta mot unge og gamle.

Sentrumbustadane genererer liv i sentrum, aukar aktiviteten og strekker denne ut tidsmessig over døgnet. Samtidig vil sentrumsnære leilegheiter frigjere fleire familiebustadar i einebustad-områda.

NÆRINGSBYGG / LETT INDUSTRI



Næringsutbygging kan skje ved omdisponering av eksisterande areal eller fortetting av eksisterande bygningsmasse,

Det er aktuelt med etablering av eit byggeområde ved småbåhamnen. Plasseringa tett opp til eksisterande bysentrum vil styrke sentrumsutviklinga, men vil samtidig krevje ei erstatning for noverande parkområde.

AVGRENSNING / ADKOMST

Det klart avgrensa sentrum frå Riseelva til ballbana og frå G. Schjelderupveg til sjøen, styrker Svelgen sin identitet. Det fortelta forretningssentrum bør ideelt sette ikkje vere større enn i dag, men gjerne ha fleire funksjonar.

Frå Isane er det flott utsikt ut over Svelgen, men heilt mede i Svelgen er det adkomsten til sentrum uklår. Også adkomsten frå Langeneset til Svelgen sentrum er uten markeringar av noko slag. Ei markering av starten og avslutninga på sentrumsområdet vil styrke Svelgen sin identitet og ha ringverknadar som til dømes betre trafikktryggleik.



Mogelege utbygging- og opprustningsområde.

- 1. NÆRINGSBYGG / LETT INDUSTRI
- 2. Fortetting av eks. sentrum (næring)
- 3. Parkområdet (næring/lett industri)
- 4. Breivika, (lett industri, fiskeoppdrett)
- 5. Fortetting, området ved Klausen industri



- 1. BUSTADAR
- 2. Fortetting av eks. sentrum.
- 3. Parkområdet.
- 4. Kvelve
- 5. Rise, ved gravplassen 3-5 tomter. Sande og Langeneset

GRØNTSTRUKTUR

- 1. Overordna grøntstruktur, A. Svelgsetva, B. Riseelva, C. Rise(dalflata, skuleberget, Kvelve). D. Nausneset, E. Sandeneset
- 2. Samfunnshuset.
- 3. Skule-området, aktivitetspark.
- 4. Ballbana og ny park mot sjøen.
- 5. Sjøfront / hotellhage.

BYROM

- 1. Gunnar Schjelderupsveg
- 2. Hamnefronten ved rådhus/hotell
- 3. Granden-plassen.
- 4. Passasjen mellom S-marked/hotell
- 5. Firdabil-plassen
- 6. S-markeds-plassen
- 7. Samfunnshuset / Bakeri



2. Forslag til tiltak i Svelgen.

Tiltaka er organisert som overordna tiltak/strategiar og som eit skisseprosjekt for Svelgen sentrum.


Både dei overordna tiltak/strategiar og skisseprosjektet for sentrum, tek utgangspunkt i dei strukturande element og beheld dermed den klare oppdeling av Svelgen i mindre delområde.

Overordna tiltak:

3. Grønstruktur
4. Trafikk
5. Arealbruk

Skisseprosjektet for Svelgen sentrum er oppdelt i tre delområde:

6. Området ved ballbana, enden av kultur- og aktivitetsaksen.
7. Nærings- og administrasjonsområdet.
8. Området ved småbåthamna.




3. GRØNSTRUKTUR

Det er som før skildra ein naturleg overordna grønstruktur i Svelgen. Det som manglar er tilrettelegging for bruk av grønstrukturen.


I sentrumsområdet trengst det derimot ein god del opparbeiding.

- Tiltak for tilgjengeleghet og bruk av overordna grønstruktur:**
- Gangstier og fiskeplassar langs elvane.
 - Offentleg badeplass ved Risevatnet og offentlig gang- og sykkelsti til badeplassen.
 - Opparbeiding av stiar / promenade langs sjøfronten.
 - Opparbeiding av park mot sjøen.

Princip / forslag til offentlige tilgjengelige stier (vege) i den overordnede grønstruktur og Svelgen sentrum. De gule cirkler og tekst markerer de forskjellige områder i Kultur- og aktivitetsakse, som er eller bliver en væsentlig del af grønstrukturen.



Forslag til grøntilbak og byromsforbetringar i sentrum.




NORDPLAN

4. TRAFIKK

Det vert foreslått at vegnettet i sentrum av Svelgen skal rasjonaliserast. På den måten vert stort sett alle vegar i sentrum er parkeringveggar. På den måten unngår ein dobbel vegmengde, der ein både har ein adkomstveg og ein parkeringsveg. I praksis betyr det at vegen framfor hotellet forsvinn.

Sentrum blir på denne måten også meir fotgjengarvennleg med eit fortau og stisystem som berre kryssar køyreveggar nokre få plassar, og ein får dessutan ein bilfri sjøffront.

Det er foreslått å ruste opp Gunnar Schjelderupsveg som ei miljøprioritert gjennomkøyring (MPG-gate) med ein smal vegprofil, breie fortau, grøfter, einskilde heva gangfelt ved brua, bakeriet og ballbana. I tillegg bør ein markere start og avslutting på Svelgen ved idretshallen og der Elvavegen kjem ned på G. Schjelderupsveg.



Ivarta eksisterande beplantning ved smabåttanna.

Generelt smalt vegprofil - 6,5m og breie fortau - helst min. 3 m, med vegire, evt. langsgående kanparkering og markering av sentrumsområdet med belysning.


Enkel skulpturell markering av adkomst til Svelgen Sentrum

PRINSIPPSKISSE MPG-tiltak langs Gunnar Schjelderupsveg

Telknorklaring:

— Riksveg / fordelingsveg
- - - Lokalveg

— Parkering
— Fortau / Gangveg



NORDPLAN


PRINSIPPSKISSE
Veg, parkering, gangveg i sentrumområdet


5. AREALBRUK

Som utgangspunkt skal det byggast vidare på eksisterande sentrumsstruktur med den klare fysiske og funksjonelle oppdelinga mellom dei ulike områda som er der i dag.


Overordna strategi for utvikling av arealbruken i Svelgen :

- Fortetting av eksisterande område.
- Industriutvikling på restareal ved Elkem og i Brevika.
- Bustad- og næringsutvikling ved småbåthamna.
- Utvikling av kultur- og aktivitetsaksen frå Risevannet til sjøfronten.





1. Vidare utvikling av industriområdet ved Brevika



2. Nytt industriområde på Elkem sitt areal.



3. Opparbeiding av park/båthamn som erstatning for eks. park, og avslutning på aktivitets- og kulturaksen.



4. Utvikling av eit blanda nærings-, butikk og bustadområde på eks. parkområde ved småbåthamna.

Fire sentrale områder i Arealstrategien:

1. Brevika.

Området er allerede i dag industriområde med fleire bedrifter, blant anna eit fiskeopprettislegg. Med ein ny adkomstveg og mindre oppfyllingar burde området kunne utviklast til fiskeopprettisnæring.

2. Elkem.

Alt tyder på at Elkem vil få redusert både talet på tilsette og behovet for areal. Dersom det er mogeleg for Elkem å avstå areal kan det på Sandesida av fjorden etablerast eit industriareal med eigen tilkomstveg. Dermed kan Elkem framleis vere eit lukka industriområde og behalde den noverande port.

Aralet er ideelt sidan stort sett ikkje inneheld bygningar, og det er mogleg med gjenbruk av dei gamle arbeidarhusane til andre føremål.

3. Bypark

Byparken ved enden av kultur- og aktivitetsaksen, er ei erstatning for noverande park ved småbåthamna. Plasseringa like ved ballbana og midt mellom sentrum, skulane/ idretts huset og aktivitetshuset er også ei generell styrking av sentrum både til dagleg bruk og ved arrangement som 17. mai eller AM-cartruffet.

4. Området (parken) ved småbåthamna.


Området bør utnyttast til eit blanda bustad- og forretningsområde. Forretningar mot verket og bustadar i 2-3 etasjer mot elva og sola i vest.

6. Nærings og administrasjons området

Sentrum bør behalde si klare avgrensning, og innanfor denne grensa bør ein gjere det mogeleg å bygge einskilde nybygg og tilføre nye aktivitetar. Det viktigaste er likevel ei generell opparbeiding av utearala med nye belegg, byinventar, beplantning og klare grenser mellom køyrande og gåande trafikk.

TILTAK:

- Ny trafikkstruktur utan gjennomkjøring rundt sjøfronten og ei oppstramming av Gunnar Schjelderupsveg. Generell rasjonalisering/ optimering av arealbruken til veg og parkering.
- Nybygg mot sjøen, for å skape ein meir bymessig sjøfront, som vil styrke sentrum og trekke aktivitetane nærare sjøen
- Evt. etablering av badeanlegg utanfor hotellet eller anna utviding.
- Opparbeiding av sjøfront til promenade med gjestebrygge og småbåthamn med sjøtorg.
- Opparbeiding av eks. bytorg ved Granden som del av akse mot sjøen.
- Behalde sikrelinjer mot sjøen.




- Utnytte moglegheitene til å bygge på S-marked med ei 2. og 3. etasje til kontor, bibliotek, offentleg adm. eller ikkande.
- Etablere eit overdekkta byrom, (kjøpesenter) i passasjen mellom hotellet og S-marked.
- Grønntplan for vegar og plassar.

Byrom

Svelgen sentrum er spesiell fordi den ikkje har ein gatestruktur, men består av ei rekke byrom. Det er viktig både å prøve å binde desse byromma saman ved val av bestemte belegg, byinventar, og beplantning, men også å gi dei ulik identitet og bruksformål.

BYROM / IDENTITET/ BRUK

1. Hagerommet: hage/grøntområde
2. Trafikkrom: parkering
3. Passage: overdekkta byrom / senter
4. Bytorg: festplass / markeds plass / leik
5. Sjøtorg: sjøkontakt / festplass




N O R D P L A N

Overdækket byrom

Det er som kjend mykje nedbør i Svelgen, noko dei mange baldakinane vitnar om. Eit overdekt byrom ville gjere byen meir attraktiv å handle i året rundt og gi Svelgen ei innandørs stor stov - Ein stad ein kan møtast uansett vær.

Passasjen idag

Forslag til eit overdekt byrom i passasjen mellom hotell og S-marked ville vere byen si innandørs storstove



7. Området ved Ballbana

Området ved ballbana er ein del av dalflata frå Risevatnet til sjøen - det vi i stadanalysa har kalla aktivitets- og kulturkile.

Det som er viktig er å behalde dette areal ope ned mot sjøen, som erstatning for eks. park og som ein del av den grønne aktivitets- og kulturkilen.


Plasseringa av parken og ballbana midt mellom sentrum, skuleområdet og aktivitetshuset på Nausneset vil vere ideell for dagleg bruk og

større arrangement som 17. mai, Amcar-

utstilling. Nærheit og tilgjengeleghet mellom områda vil vere ei styrke for livet i Svelgen (sentrum).

TILTAK:

- Omlegging av eks. ballbane til krøllgras, for heilårs bruk.
- Parkanlegg mot sjøen som erstatning for noverande park ved småbåthamna.
- Ulike aktivitetar i parkområdet, evt. ballbane, tennisbaner, bullbane, leikeplass,.....
- Opparbeiding av sjøfront til promenade med småbåthamn.
- Mogeleg å etablere nye naust ved Nausneset.
- Evt. mindre bygg i parkområdet til foreningar, båtklubb m.m.





Nordgulen

8. Området ved småbåthamna

Parkområdet ved småbåthamna er det mest attraktive byggearealet i Svelgen i dag. Dette gjeld både for lett industri, næring/kontor og bustadar i området mot Riseelva.

Det er tilrådeleg å bruke arealet til utbygging, men ein bør taomsyn til bakanforliggende bustadar, nærteiken til sentrum, og at det framleis skal vere mogeleg med ei positiv kontakt med elva og sjøen. Før ei evt. utbygging bør det stillast krav om etablering av ein erstattande park på arealet mellom eks. ballbane og sjøen.

TILTAK:

- Området vert foreslått utbygd med ei blanding av næring, kontor og bustader i ein open bygningsstruktur. Kontakt med sjøen vert beholdt. Siktelinger mot sjøen kan vere med på å sikre dette.
- Riseelva vert stramma opp med steinkant, og det vert etablert promenade rundt langs elva, sjøen og småbåthamna. Det vert eventuelt etablert gangbru over Riseelva med samband til sentrum.
- Småbåthamna vert halvert, for å få eit rasjonelt byggeareal. Ein ynskjer å behlde delar som som eit miljøskapande element i området.
- Parkeringen til verket vert beholdt, evt. kan området forskjønt med beplantning.

9. PRIORITERINGAR

TRAFIKK

Opprusting av Gunnar Schjelderupsveg, med MFG-tiltak, start i området ved butikk-sentrum.

PARKERING

Generell opprusting av parkeringsareala med markering av dei einskilde p-felta, beplanting og klare markeringar mellom gangareal og trafikk-/parkeringsareal, start med parkeringsplassen mellom Smarked og Samfunnshuset. Dette er på mange måtar den viktigaste plassen i Svelgen, alle kjem hit for å handle og møtast.

MØTEPLASSAR

Opprusting av dei indre byrom.
Frå parkeringsplassen ved Smarked, passasjen mellom hotellet og Smarked, og Bytorget/Rådhusplassen ut for Granden til Rådhuset sin inngang/parkering.

GRØNTSTRUKTUR

Opparbeiding av skulearealet (aktivitetspark).
Offentleg tilkomst (gang/sykkelsti) til badeplassen ved Risevatnet.
Opparbeiding av park mellom Ballbana og sjøen.

BYGNINGSSTRUKTUR

Fortetting av butikk-sentrum.
Mulegheit for bygningsmessig utnyting av området ved småbåthamna.
Mindre rekketehus/legligheter på Kvelve.

Prioriteringane og øvrige tiltak i denne stadanalysen er så langt ikkje politisk drøfta, og må difor sjåast på som ei plantåleg prioritering. Vi ventar ikkje at Svelgen tar til seg alt vi foreslår, og vi reknar også med at det lokalt finst idear som vi ikkje har med her. Skissene er prinsippkisser og viser ikkje endeleg utforming. Når vi for eksempel har teikna

bygningar ved Småbåthamna, meiner vi ikkje at dei skal sjå akkurat slik ut. Skissene viser volum som vi meiner det aktuelle området tåler, og dei viser prinsipp for utforming som vi meiner kan leggast til grunn for ein diskusjon. For å gjennomføre dei ulike tiltaka, må det gjerast grundigare utgreiings- og prosjekteringsarbeid, slik tilfellet alltid er.

Markering av prioriteringar i sentrum.





Nordplan AS

Eidsgata 25, Postboks 224
6771 Nordfjordeid

Telefon: 57 86 10 88
Faks: 57 86 11 10
E-post: post@nordplan.no
Web: www.nordplan.no

Foretaksregisteret:
NO 948 081 768 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459